

Kloakkarbeidet startar 15.mars

26.01.2010



Børnes er eit nøkkelpunkt i kloakknettet i Uskedalen. Her er reinseanlegget i forgrunnen, foran skroget til supplybåt nummer 2. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Arbeidet med kloakkprosjektet i Uskedalen skal etter planen starta 15. mars, men det kan diskuterast hvis det er behov for tidlegare start. Dette går fram av referatet frå kontraktsforhandlingane som har gått føre seg i Bergen tidlegare denne månaden.

Dale Entreprenør AS skal ha ansvaret for grunn- og leidningsarbeider på land då det etter kommunen sin oppfatning har levert det teknisk/økonomisk mest fordelaktige tilbodet.

Rør Dykk AS skal ha ansvaret for sjøleidningane av same grunn.

Ivar Kåre Døssland skal vera kommunen sin byggeleiari for begge prosjekt.
Det skal haldast felles oppstartsmøte og det skal lagast spesifisert framdriftsplan med milepelar for begge.

Av Ola Matti Mathisen